



MØTEPROTOKOLL

Utval Formannskapet og
næringsutvalet
Møtestad: Rådhuset
Møtedato: 09.01.2017

Start kl.: 13.00
Slutt kl.: 15.45

Til stades på møtet

Medl.: Ivar Kvalen, Marit Aakre Tennø, Geir Paulsen, Marianne Bugge,
Geir Arve Sandvik, Arne Johannessen, Elin Hauge

Forfall:

Varamedl.:

Frå adm. (evt. andre): Rådmann Jarle Skartun.

I orienteringssaka om Sogn Barnevern møtte i tillegg ;
Rådmann i Sogndal Jostein Aanestad, barnevernsleiar Hadle
Blikra.
Leiar i kontrollutvalet Anders Bolstad.
Gruppeleiar Frp Ernst Veum, gruppeleiar Krf Torodd Urnes,
gruppeleiar V Jon Ove Lomheim.
Ass. rådmann John Olaf Røhme, helsesjef Knut Cotta Schönberg,
kommunalsjef Knut Åge Teigen.(deler av orienteringa.)

Medlemene hadde ikkje merknad til innkalling og sakliste.

SAKLISTE

Saksnr.	Tittel
1/17	17/1 Godkjenning av møtebok
2/17	17/31 Referat- og drøftingssaker
3/17	16/2911 Budsjett, økonomiplan og planleggingsprogram 2017, oppfølging etter kommunestyret sitt vedtak.

Underskrifter:

Vi stadfester at det som er ført i møteboka er i samsvar med det som vart vedteke på møtet.

Møteprotokoll er sendt til:

Medlemene, varamedlemer, rådmann, revisor, kontrollutvalet, biblioteket i kommunen, lokalavisa, NRK-Førde og Luster radio.

1/17

Godkjenning av møtebok

Handsaming:

Det var ikkje merknad til møteboka.

VEDTAK:

Møteboka frå møtet den 7.12.16 vert godkjent.

Arne Johannessen og Marianne Bugge vart valde til å skrive under på møteboka.

[Møtebok 7.12.16.](#)

2/17

Referat- og drøftingssaker

Handsaming:

Orientering:

Eksternt:

- Skriv frå Helsedirektoratet dat. 8.12.16. Overordna risiko- og sårbarheitsanalyse for helse- og omsorgssektoren. Invitasjon om oppmoding om deltaking i referansegruppe. *–referert, helsesjef Knut C Schønberg deltek i referansegruppe.*
- Skriv dat. 21.12.16 frå NVE. Pris på konsesjonskraft for 2017 for konsesjonar gjeve etter 10.04.1959. *– referert, pris er på nivå med 2016, opp med 0,06 øre.*

Interkommunalt:

- Sogn Barnevern. Status og utfordringar.
Rådmann i Sogndal Jostein Aanestad og leiar i Sogn Barnevern Hadle Blikra møter. Formannskapet har tidlegare fått tilsendt tilsynsrapport frå FM.
*–Rådmann i Sogndal Jostein Aanestad orienterte om «bakgrunn, status og utfordringar» i Sogn Barnevern.
Saka vart drøfta via kommentarar og spørsmål.
Luster kommune føreset tett oppfølging og god informasjon og godt samarbeid med deltakarkommunane.
Orienteringa vert lagt ved møteboka.*
- Kopi av brev dat. 13.12.16 frå Leikanger kommune til Sogndal kommune. Oppseiing av avtale om Sogn frisklivs- og meistringssenter. *–referert.*

Orientering i møtet:

Ordførar:

- Ordførar informerer om beredskapssaker i jule- og nyttårshelga. *–referert; steinsprang Fortun, ras Sørsida og lekkasje gjødselkjellar Dale.*

Rådmann:

- Førebelse rekneskapstal. *–referert. Oppgang aksjefond på tampen av året verkar positivt i høve tidlegare prognose. Når det gjeld tenestene så er det meirforbruk barnehage som er større negativ overrasking enn prognosert. Nærare informasjon på neste møte.*
- Brått dødsfall kommunalt tilsett. *– referert.*

Nærings saker, ev. ikkje off.:

-

Personal og administrative saker, ev. ikkje off.:

-

Drøfting i møtet:

- Sogn barnevern.

Open post:

Eventuelt/innspeil i møtet:

Dagsorden for møtedagen:

13.00-15.00. Sogn Barnevern.

15.15-15.45. F-sak; Oppfølging av Budsjett 2017. m/ev.....

VEDTAK:

Det vart ikkje gjort vedtak i saka.

3/17

Budsjett, økonomiplan og planleggingsprogram 2017, oppfølging etter kommunestyret sitt vedtak.

Handsaming:

Rådmann orienterte om ferdigstilling med nærare kommentarar til punkta i tilrådinga.

Formannskapet støtta opp om rådmann sine vurderingar i saka.

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

VEDTAK:

Formannskapet tek til etterretning rådmannen sitt arbeid med ferdigstilling av «budsjettboka» vedteke av Luster kommunestyre i k-sak 75/16 den 16.12.16

Endeleg kommuneopplegg i statsbudsjettet vert å kome tilbake til, seinast ved handsaming av T1.

Rådmannen får fullmakt til å engasjere eksterne rådgjevarar for utarbeiding av «kommuneanalyse» og «skulebruksplan.»
